

Viser til brev frå kommunen med tittel 'varsel om tilsyn – 196/5', saksnr. 2026/3727-2.

Eg viser til varsel om tilsyn datert 10.06.2026 og til klage datert 23.04.2026. Me har inga innvending mot tilsyn og stiller oss til disposisjon for synfaringa.

Me overtok eigedommen i 2018, og har hatt som mål å drive eigedomen i tråd med gjeldande regelverk og med eit reelt jordbruksføremål. Aktiviteten på arealet dei siste åra har vore knytt til jordbruksdrift, i hovudsak nydyrking, rydding av skog og etablering av dyrkingsareal, samt oppføring av gjødselskum. Tiltaka er gjorde for å sikre og styrke drifta på garden. Me tener ikkje pengar på mottak av massar og avfall, og eigedomen vert ikkje nytta til lagring eller handtering av avfall.

Når det gjeld massane som er nytta i nydyrkinga av arealet, er dette etter det me kjenner til reine massar. Det som stod ferdig før me tok over stammar i hovudsak frå arbeidet med Halsnøytunnelen. Tidlegare eigar inngjekk ein avtale med kommunen i samband med bygginga av Halsnøysambandet. Som del av denne avtalen fekk han løyve til å dyrke opp mellom anna 196/5. Massar frå bakkane som vart til veg og andre massar frå veg- og tunnelarbeidet vart tilført nydyrkingsarealet, i tillegg til massar frå utbyggingsprosjekt i Høylandsbygd. Slik me har forstått det har ikkje tidlegare eigar hatt andre føremål enn å drive med jordbruk, og sikre tilgang til for og beite.

Arealet i bakkant av gjødselskum.

Arealet med gjødselskum og lagerareal var fyrst søkt om nydyrking tilbake i 2013, 20.04.2020 fekk me fornya løyvet. Det vart behov for å sprengje vekk litt, dette stod Thormodsæter AS for, og dei søkte og fekk det godtkjent. Dei fekk steinmassane som betaling for å sprengje vekk og lage klart, noko som tok om lag 3 månadar. Det kom påfølgande krav til auka lagerkapasitet av husdyrgjødsel, som førte til at me måtte ha ein gjødselskum. Sidan garden ligg i nærleik til kvikkleireområde, fekk me ikkje utvide gjødselskjellaren her. Difor vart det søkt om å sette opp gjødselskum på 196/5. Noko som vart godtkjent. Kummen fekk ferdig attest 26.07.2022.

Arealet i bakkant vart dyrka opp, resultatet ser de i dag. Dette er godtkjent av kommunen. Her er det brukt desse massane:

Leire frå kommunal utbygging på Landa, meiner det var eigedom 199/62, her har me ikkje oversikt over mengd. Dette har kanskje kommunen kontroll på, då kommunen var eigar. Massane vart tippa i nærleiken av 199/62. Brødrene Sjo tok på seg arbeid med å fjerne desse massane som vart tippa, og me fekk massane køyrt dei til vår eigedom mot at Brødrene Sjo fekk nytte vår gravemaskin og traktor til arbeidet.

Det er også brukt torvmassar som vart skrapa av området knytt til tiltaket, før entreprenør starta sprenging. I tillegg til massar frå 196/29. Massane frå 196/29 var torvjord som vart skrapa av før sprenging. Sprenginga var ein del av nydyrkingssøknaden. Me fekk me tilbod om desse massane, då dei ikkje hadde trong for dei sjølve.



På arealet framfor grøft mot myr er det tilført om lag 22 semilass leire frå Norwater HH Transport. I begge tilfelle er det blanda inn moderate mengder flis, halm og talle for å betre jordstruktur og jordliv, noko som er vanleg praksis i jordbruket.



Når det gjeld myrområdet som ligg mot eigedom 196/4, fekk me beskjed frå kommunen om at dette arealet kravde ny godkjenning. Etter me vart gjort merksame på vart det ikkje gjennomført noko nydyrking, og det var søkt på nytt i tråd med det kommunen bad om. Me har fått løyve til å dyrke dette. Det kan nemnast at myra vart grøfta så tidleg som i 1988.

Når det gjeld forhold som vert omtala som opplagsplass og lagring, fekk me i samband med KSL-arbeid tilbakemelding om behov for betre organisering og oppbevaring av utstyr. Dette

har vore avklart med kommunen. Det som er lagra på arealet er utstyr knytt til drift av garden. Material og element som ligg her skal gjenbrukas. Dette arealet er knytt til gjødselskum, og lagringsplassen er ein praktisk og naturleg del av drifta til føretaket.

Når det gjeld klagen, meiner eg denne verkar lite presis og i stor grad spekulativ. Påstandane er ikkje tidfesta, og det går ikkje fram kvar dei konkrete observasjonane er gjorde. I klagen vert det vist til biletdokumentasjon av avfall og gjenstandar. Til dette vil eg peike på at fleire av bileta framstår som av eldre dato og er ikkje knytte til konkrete tidspunkt eller stadar. Det har over tid blitt rydda på eigedomen. Dersom det vert oppdaga avfall, vert dette fjerna og handtert. Opprydding har i enkelte tilfelle teke noko tid, men det har vore ei klar målsetting å få orden på slike forhold.

Etter mi vurdering ber klagen preg av ei systematisk gjennomgåing av eit større område med sikte på å finne moglege kritikkpunkt, der enkeltstående og udokumenterte observasjonar vert framstilte som del av eit større mønster utan tilstrekkeleg grunnlag. Formuleringar som «kan vere» og «grunn til å stille spørsmål ved» vert nytta utan konkret dokumentasjon, noko som gjer det vanskeleg å etterprøve påstandane.

Eg vil presisere at det er eg som har varsla kommunen om forhold på naboeigedommen, ikkje mannen min [REDACTED]

[REDACTED] Sett i lys av dette framstår den aktuelle klagen etter mi vurdering som eit motvarsel. Dersom det faktisk hadde vore tale om ei reell og aktuell bekymring, er det påfallande at dette ikkje vart meldt om tidlegare. Eg meiner det er uheldig dersom varslingsordninga vert brukt på denne måten, då det kan svekke tilliten til ordninga og gjere det vanskelegare å melde frå om faktiske og alvorlege forhold.

Avslutningsvis vil me understreke at me ønskjer tilsynet velkomen, og vil leggje til rette for at kommunen får eit korrekt og oppdatert bilete av forholda på eigedomen.

Mbh

Anette Hvidevold

Bilete frå Gardskart

2018



